

**Bjarte Døsmland vert hovudtalaran på 17. mai i år.
Det er enno ikkje klart kven som skal ha minnetalen på
Friluftsplassen ved minnesmerke for freden i 1945.
Ved Bautasteinen skal 5. klasse elevar lesa Olaf Agnar
Gausvik sitt dikt VED BAUTASTEINEN**

Bjarte Døsmland er eit kjend og profilert advokat
i advokatfirma Handeland Døsmland & co.

Han førte mellom anna den mykje omtala Muradalssaka for
Kvinnherad Energi like til Høgsterett og vann.

Døsmland har før vore 17. maitalar i Uskedalen, den gongen med
klare og frimodige tankar i eit delvis omstridd tema.

Vi kjenner ikkje til kva budskapet vert i år. Med bakgrunn i
hendinga 22. juli , Grunnlovsjubileet 2014 og revisjon av Grunnloven,
vil det undra oss mykje om ikkje ein jurist vil nytta
høve til å sei noko om lovverket og korleis
dette landet skal styrast i framtida.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Kvinnheringen